



# Til Mai

---

AV MARINA CARR





## IRSK OG NORSK

Irsk kultur og irsk dramatikk har alltid hatt eit eige tak på oss nordmenn. Kanskje fordi vi har ein del felles både i historie og lynne. Men kanskje helst fordi irane gjennom hundreåra har hatt nokre av dei aller største forteljarane i vår kulturkrins. På Det Norske Teatret har dei med jamne mellomrom stått på programmet, namn som O'Casey, Synge, Shaw og Beckett er velkjende for vårt publikum. Dei siste åra er vi og blitt kjende med Brian Friel, ein nestor i dagens irske dramatikk.

I kveld presenterer vi ei ny irsk røyst, Marina Carr, som vi garantert kjem til å høyre meir ifrå. Vi spelar gjennombrotsstykket hennar *The Mai* frå 1994, noko så alminneleg som eit ekteskapsdrama, som sjølv sagt handlar om så mykje meir, om kjærleik, generasjonsmotsetningar, om mytar, religiøsitet, om tilhøvet mellom tradisjon og eit moderne liv, i det heile tatt eit typisk irsk, eller norsk, samtidsdrama. Med mykje avæpnande humor.

*Vidar Gundersen*

teatersjef



## IRLAND, HISTORIE OG MINNE

Det er mange mytar og klisjear om Irland, det finst eit romantisk Irland, eit mordarisk Irland, eit undertrykt Irland, eit opprørsk Irland. Den irske samtidsforfattaren Roddy Doyle har ein fyndig karakteristikk i romanen *The Commitments*, - *irane er Europas negrar*. Tidlegare generasjonar snakka om ei øy av helgenar og lærde. Og endå eit anna bilde syner oss ein dionysisk kultur med drikk, musikk og dans. Det finst òg ein kultur som er blitt skildra som det mest reaksjonære teokratiet vest for Teheran. Korleis kan alle desse bilda fortelja sanninga om det same vesle øyriket?

Irland var ikkje berre den første koloniale utposten i Vest-Europa, ho var òg det første landet som vart avkolonisert. På mange måtar er hennar historiske røymsler utypiske for det som har vore det vanlege mønsteret i Europa, men svært typiske for det som har gått føre seg andre stader i verda (Afrika, India, Sør-Amerika). Heilt opp til vår tid har Irland vore heimsøkt av minnet om dei generasjonane som vart knuste av Elisabeth I, Oliver Cromwell og William av Oranien, dei som vart eigedomslause og fredlause i sitt eige land. Dei dødsfikserte fantasiane blir forsterka av minna om «The Great Famine», den store hungerkatastrofen frå 1845-47, og alt det fryktelege som følgde med den. (President Mary

Robinson refererte til hunger-katastrofen da ho besøkte Somalia og kalla dei *Afrikas irar*).

Hundreår med kolonial undertrykking som fekk følgje av ei sjølvpålagt undertrykking, representert ved den katolske kyrkja og ein konservativ stat, har ført med seg merkelege hybridar. Ei blanding av atavisme og modernisme, ein pulserande munnleg folketradisjon i direkte og svært fruktbar kontakt med ein utvikla litterær kultur, har fått fram mange ulike måtar å fortelja og dramatisera den irske livsrøynsla på. Kampen for sjølvstende og forfallet til terrorisme som følgde, har skapt både ein livskraftig myte og ein sterk impuls til å avmytologisera og avsløra overdrivingane i den heroiske framstillinga.

I dag er det dei som kastar eit skeptisk lys over irsk historie og irske mytar som står sentralt. Sjølve grunnlaget for opprettinga av den irske staten, 1916-opprøret mot den britiske imperiemakta, er no emne for ein svært livleg debatt. Folk flest kan ikkje lenger slutta seg til myten om blodoffer eller hyllinga av dei gamle heidenske krigararheltane. Det blir òg stilt spørsmål ved den romantiske myten om Vest-Irland, om det folkelege, det overtruiske som dei intellektuelle har drive slik gjøn med. Landet har gått frå tradisjonalisme til postmodernitet utan nokon gong å ha vore moderne.

Ein av dei store gåtene i dagens Irland er den plutselege framveksten av makt og velstand som går under

namnet *Celtic Tiger* (*Den keltiske tigreren*) - ei både rå og råkande samanlikning med den raskt veksande og overoppheta økonomien i Det fjerne aust. For mindre enn eit tiår sidan var irske kommentatorar og analytikarar samde om å avskriva Irland som eit land som var sokke ned i ein tilstand av konstant krise. På den tida da *The Mai* først vart sett opp på Peacock Theatre i Dublin, i 1994, levde kvar tredje innbyggjar i Irland under den offisielle fattigdomsgrensa. -Tilhøva er trøsteslause, skreiv ein leiande kommentator i *The Irish Times*, - det er berre snakk om eit par år før det er slutt. Likevel har dei same få åra - frå 1994 til no - ikkje ført med seg eit endeleg samanbrot, men den største økonomiske veksten i heile Vest-Europa, og nokre av dei mest imponerande økonomiske resultatata ein har sett nokon stad. Irane er ikkje lenger *dei største sinkane i Europa*, som deira største forfattar, James Joyce eingong påstod.

Markerer *den keltiske tigreren* framveksten av eit nytt kraftfullt sjølvbilde i staden for den dominerande historia om sjarmerande forfall? Det er ei viss uro å spore blant irske forfattarar som tyder på at dei gamle forteljingane kan koma til å ta seg opp att og at den nyvunne suksessen berre er eit lite brot i det lange, støyande gravølet som er irsk kultur.

Nina Witoszek  
(Omsett av Ola E. Bø)



Hertuginna f. ca 1835 som hadde eit eventyr ei natt med ein sjømann frå Spania eller Marokko

**ELSA LYSTAD**

BESTEMOR  
FRAOCHLÅN  
f. 1879 på øya  
Fraochlån på kysten  
av Connemara



TOMAS,  
den ni-fingra  
fiskaren  
f. 1876  
† 1918



**JORUNN  
KJELLSBY**  
JULIE  
f. 1904  
gift med  
Michael †

BARCLAY f. 1947

Barn  
nr. 2

DONALD

Barn  
nr. 4

Barn  
nr. 5



**BRITT  
LANGLIE**  
AGNES  
f. 1918  
ugift

ELLEN  
f. 1919  
gift med ein  
murar  
† 1946  
i barselseng

**ØYVIN  
BERVEN**  
ROBERT  
f. 1938



**ELISABETH  
SAND**  
MAI  
f. 1940  
† 1980



**UNN  
VIBEKE  
HOL**  
CONNIE  
f. 1941  
gift med  
Derek



**NINA  
WOXHOLT**  
BECK  
f. 1942  
gift 3 mnd.  
i 1979



**INGUNN  
ØYEN**  
MILLIE  
f. 1963  
kort forhold med  
ein trommeslagar  
frå El Salvador

JOSEPH f. 1988

ORLA  
f. 1965

STEPHEN  
f. 1966

JACK  
f. 1968

ungane

barn

**Til Mai**  
**AV MARINA CARR**

# Til Mai

AV MARINA CARR

Omsetjing OLA E. BØ  
Regi AKSEL-OTTO BULL  
Scenografi HELGE HOFF MONSEN

Cellomusikk komponert av MÍCHÉAL Ó SÚILLEABHÁIN  
Celloinnspeling og instruksjon ved KATHARINA HAGER  
*Caoineadh* frå *Caoineadh na Maighdine* med NOIRIN NI RIAINS  
*Liebestod* frå *Tristan og Isolde* av Richard Wagner

Inspisient VICTORIA AASE  
Maske TRUDE SNEVE  
Lyd IGOR ZAMARAJEV  
Lyssetjar DAG SIGURDSSON  
Rekvisitør TONE OSA  
Sufflør GRY ESPENES  
Scenekoordinatorar CARL PEDER RAMSTAD/  
STEINAR AARNES


1. akt: sommar og haust 1979  
2. akt: sommar, haust og vinter 1980

Framsyinga varar i ca. 2 timer og 25 minutt. Ein pause.

Foto: ERIK BERG

Forlag: Nordiska Strakosch Teaterförlaget ApS  
Programredaksjon: Aksel-Otto Bull, Ola E. Bø, Signe Bjørvik, Ida Michaelsen  
Grafisk formgjeving: Knut-Jarle Hvitmyr

Scandinaviapremière 10. februar på Scene 2







## TIL BARNET

av Inger Hagerup



(1947)

Blod av mitt blod, kjød av mitt kjød,  
hva blir du – uvenn eller venn?  
Så underlig å gå igjen  
i dine trekk når jeg er død.

Lyst av min lyst, skam av min skam,  
som gikk den lange, lange vei  
fra slektens mørke urtidsslam  
ni måneder igjennom meg.

Kropp av min kropp, ånd av min ånd,  
hva blir du – uvenn eller venn?  
Når slipper du min sultne hånd  
så jeg står hjelpeløs igjen?

Drøm av min drøm, ild av min ild,  
les aldri disse ord!  
Du hører morgendagen til.  
Lev videre, og glem din mor.






Marina Carr

fødd i 1964, har studert engelsk og filosofi ved universitetet i Dublin. Ho debuterte som dramatkar med stykket *Ullaloo* ved Abbey Theatre i Dublin, først som teaterlesing i 1989, så som full produksjon i 1991. Hennar teaterproduksjon inkluderer, i tillegg til *The Mai*, *Low in the Dark*, *The Deer's Surrender*, *This Love Thing*, *Portia Coughlan* og *On Raftery's Hill*. *Til Mai* hadde urpremière ved Peacock Theatre i Dublin i 1994 og

hausta svært gode kritikkar. Stykket vann prisen som beste nye irske teaterstykk under teaterfestivalen i Dublin same år. *Til Mai* er oppført på Tron Theatre i Glasgow, hadde USA-première ved McCarter Theatre i Princeton i 1996, og blir sett opp ved Odense Teater med première i mars. Marina Carr er som første kvinnelege dramatkar tatt opp i Writer-in-Association ved Abbey Theatre.



Aksel-Otto Bull

er frilans sceneinstruktør med bakgrunn frå frigruppemiljøet i Oslo og skode-spelar- og regiutdanning frå London. Han har hatt ei rekkje instruktør-oppdrag for fleire teatre i Noreg, sist haust med *Gengangere* av Ibsen for Hedmark Teater. Dei siste åra har han vore tilknytta Den Nationale Scene i Bergen, der han òg var teatersjef i -97 og kunstnarleg leiar våren -98.

Inga avgift når du bruker  
Fokus Bank minibankkort  
i butikkane.



**FOKUS**  
Bank

*Hovudsponsor for Det Norske Teatret*


Du finn oss i Akersgata 28 (Egertorget) Skøyen - Økern - Ås og i mest heile landet elles.

NBR

Depotbiblioteket



99sd 30 650



det norske teatret

